

MOTTATT  
01-June-2018  
10 MAI 2018  
MASFJORDEN KOMMUNE

Kjell Nedreaas  
Askelandsvågen 58  
5993 Ostereidet

Ostereidet, 22. mai 2018

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724,  
5981 Masfjordnes

## **FORSLAG OM VERNEOMRÅDE FOR HUMMAR I KJEKALLEVÅGEN/AUSTFJORDEN (FENSFJORDEN)**

Likelydande brev med forslag er sendt til Lindås og Masfjorden kommunar. Det visest til tidlegare samtalar mellom Sigve Hindenes og teknisk sjef Roar Kvingedal.

Underteikna ønskjer å fremje forslag til Lindås og Masfjorden kommunar om å opprette eit verneområde for hummar i Kjekallevågen/Austfjorden med mål å byggje opp igjen ein redusert hummarbestand i fjorden.

### *Bakgrunn*

Å opprette bevaringsområder for hummar har vist seg å vere positivt for bestanden. I eit slikt område i Skagerrak har hummarbestanden auka med heile 245 prosent.

Auka press på kystområda og meir kunnskap om enkeltartar som lever der har ført til meir forsking på korleis trua artar kan reddast. Forskinga viser at både i sjølve bevaringsområdet og i områda rundt aukar bestanden av hummar. Det varierer kor stor auken er i dei ulike områda.

I Havforskinsrapporten 2014 er det presentert eit bevaringsområde som Fiskeridirektoratet etablerte i Skagerrak i 2006. Etter fire år hadde hummarbestanden auka med 245 prosent, noko som vil seie at det er blitt nesten tre og ein halv gong fleire hummar. I tillegg hadde storleiken på gjennomsnittshummaren auka med 13 prosent i løpet av desse fire åra.

Det kom fram at omlag 5 prosent av hummaren vandra ut av bevaringsområdet og vart fanga av hummarfiskarar. Andre studiar har også vist at hummaren lever lenger i bevaringsområde. Å etablere fredingsområde blir difor sett på å vere eit godt tiltak for å få populasjonen av hummar til å auke.

I 2006 vart det innført fire fredingsområde for hummar på Skagerrakkysten. Storleiken på områda varierer frå cirka 0,5 til cirka 1 kvadratkilometer og det er berre lov å fiske med krokreiskap. I 2017 vart område kring Nesoddtangen (indre Oslofjord), i Kvitsøy kommune

og i Granvin, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang kommunar oppretta som nye verneområde for hummar.

Langs Skagerrakkysten, på Kvitsøy og kring Nesoddtangen er det forbudt å fiske med andre reiskap enn handsnøre, fiskestang, juksa, dorg eller snurpenot.

I Hardangerfjorden er det lov å fiske med garn, line og snøre, men forbudt å fiske med teiner og ruser langs heile sjølina ned til 50 meters djup rekna frå lågaste vasstand i områda. Hafvforskinsinstituttet meiner at det er eit feiltrinn å tillate fiske med garn i verneområdet, og det bør unngåast at dette skjer i andre område. Garn fangar hummar, og det gjer samtidig effektivt oppsyn vanskelegare.

Det er dermed så langt etablert ni fredingsområde i Hardangerfjorden og ni på Sør- og Austlandet. I tillegg er det fem bevaringssoner (er tidsavgrensa og inkluderer fleire arter i tillegg til hummar) i Tvedstrand kommune og eit i Lindesnes kommune.

Staten skal framleis ha styring når mindre fredingsområde for hummar blir etablert, men det er viktig å leggje til rette for ei utvikling der kommunar og lokale interesser kan ta initiativ til og bidra i etableringsprosessane i samarbeid med Fiskeridirektoratet. Slike «nedanfrå-og-oppinitiativ» vil leggje til rette for gode prosessar på lokalt nivå, noko som igjen kan sikre at vedtak får god lokal forankring.

Fiskeridirektoratet ønskjer at fleire kommunar etablerer nye verneområde for hummar, og gjev på si internettseite <http://www.fiskeridir.no/Fritidsfiske/Noen-utvalgte-arter/Hummer/Frednings-og-bevaringsomraader/OEnsker-at-flere-kommuner-establerer-nye-fredningsomraader-for-hummer> retningsliner for val av område.

Bak dagens reguleringar ligg målet om å oppnå ein gjennomsnittleg fangst på 10 hummar per 100 døgn som ei teine står i sjøen og fiskar, eller 0,1 hummar per teinedøgn, eller 1 hummar per 10 teiner per døgn. Denne målsettinga er ikkje nådd.

På 1950- og tidleg 1960-talet kom det hummarlag frå Øygarden innover i Austfjorden for å fiske hummar. Dei trekte gjerneteinene to gonger per dag, og ei fangstrate på 0,5 hummar per teine per trekk vart då rekna som liten fangst, med andre ord 10 gonger meir enn regulermålet på 0,1 hummar per teinedøgn som vi pt ligg godt under.

### *Forslag til område og reguleringar i Kjekallevågen/Austfjorden*

Underteikna har blitt kontakta av lokalbefolkninga med ønskje om at tiltak vert iverksett og utprøvd for å auke hummarbestanden i Austfjorden og Hindenesfjorden. Basert på dei gode erfaringane frå andre stader (omtalt ovanfor) så vil vi ráde Lindås og Masfjorden kommunar om å prøve ut det same, i første omgang i og utanfor Kjekallevågen i Austfjorden. Sjølve Kjekallevågen gav tidlegare gjerne eit fangstutbytte på over 100 hummar per sesong.

Vårt forslag til **verneområde**, som vi bl.a. har diskutert med fiskarar i området, er vist i vedlagt kartskisse (blått område i kartet, 1.30 km<sup>2</sup>):


*Kjekallevågen, innanfor Kjekallbrua:* heile året forbudt å fiske med andre reiskap enn handsnøre, fiskestang, juksa, dorg eller snurpenot.

*Lauvikneset-Skårbogen ned til 50 meters djup:* heile året forbudt å fiske med teiner og ruser

Det vil auke effekten av verneområdet om det også blir forbod mot garnfiske i Lauvikneset-Skårbogen ned til 50 meters djup, men basert på innspel frå lokale fiskarar så vil det truleg vere lettare å få aksept for hummarvernet om ein ikkje går for hardt ut, men startar med å tillate bruk av garn langs landet mellom Lauvikneset og Skårbogen.

Vårt forslag til **referanseområde** (grøne område i kartet) der det vil føregå vanleg fiske som vi vil innhente fangstrapportar frå:

1. Skårbogen-Ådnåsen, 0.30 km<sup>2</sup>
2. Sørkvingevågen, 0.56 km<sup>2</sup>
3. Gjelsvikholmane, 0.36 km<sup>2</sup>



Figur. Kart over Austfjorden, Hindenesfjorden og Vågane (Dalafjorden) med føreslått verneområde (blå) og referanseområde (grøn).

## Måling av effektar av vernet

For å måle effekten av vernet vil det måtte organiserast eit standardisert fiske **første veke i september kvart år**, både før vernet blir innført, og kvart år mens vernet er etablert. Det standardiserte fisket vil føregå med 100 teinedøgn i verneområdet, og 100 teinedøgn i referanseområdet, f.eks 20 teiner i 5 døgn i kvart av områda. Ståtida blir standardisert til 1 døgn, og alle teinene vil bli egna med pir (små makrell). All hummar i det standardiserte fisket blir registrert og målt før han blir sett ut igjen.

Det vil også vere viktig med overvaking av det marine miljø i verne- og referanseområda. Vi oppfordrar også oppdrettsnæringa i fjorden om ikkje å bruke kjemiske midlar ved avlusing av laks.

## Økonomi

Havforskinsinstituttet vil støtte prosjektet og kunne kjøpe teiner for inntil kr 20.000 det første året (2018). Vi føreset at Lindås og Masfjorden kommunar finansierer leie av båt og fiskar til fisket kvart år, ein kostnad på ca kr. 50.000 + mva per år.

## Framdrift

Det er kommunane som må ta initiativ til å setje i gang ein prosess med siktet på å etablere eit fredingsområde for hummar. Prosessen vil omfatte å:

- utarbeide forslag til område
- kartleggje fiskeriaktiviteten i områda.
  - *Vi vil beskrive denne til å vere eit avgrensa fritidsfiske med snøre og teine/ruser i Kjekallevågen. Langs landet frå Sør-Kvingevågen til Ådnåsen (Andås) og kring Gjelsvikholmane er det i tillegg til fritidsfiske med snøre og teine/ruser også eit visst garnfiske av både yrkesfiskarar og fritidsfiskarar (yrkesfiske først og fremst djupare enn 50 m). Det siste året har det også vore yrkesfiske etter leppefisk med teiner i områda.*
- identifisere og vurdere eventuelle interesseomsetningar
- halde lokale høyringar/informasjonsmøter

Den lokale kunnskapen som blir nytta, alt lokalt informasjonsarbeid og høyringar skal dokumenterast. Det vil bli lagt vekt på om breidda i arbeidet er tilstrekkeleg til at alle relevante interesser og dermed eventuelle interesseomsetningar er kartlagt. Dette er nødvendig for å sikre at ein vel ut område som er så godt lokalt forankra at reglane blir fulgt utan at det må brukast mykje ressursar på kontroll.

Kommunane si avgjerd om å ta initiativ til etablering av slike verneområde skal sendast til Fiskeridirektoratets regionkontor. Kommunane sitt forslag til fredingsområde må handsamast politisk før det blir sendt over til Fiskeridirektoratets regionkontor. Regionkontoret vurderer så om forslaget er tilstrekkeleg dokumentert slik at det kan sendast vidare til Fiskeridirektoratets hovudkontor for vidare handsaming. Den vidare handsaminga vil omfatte ei formell høyring før Nærings- og fiskeridepartementet fastset forskrift om fredingsområde i

medhald av Havressurslova. Same departement vil ha den formelle myndigkeit til seinere eventuelt å endre eller oppheve eit etablert fredingsområde.

Det blir vel vanskeleg å få offisielt etablert eit fredingsområde i 2018 før hummarsesongen startar 1. oktober, men vi håpar at kommunane finn dette såpass interessant og viktig at prosessen kan starte straks. Med kommunedeklarasjon om å arbeide vidare med mål om å etablere eit nasjonalt fredingsområde f.o.m hummarseasonen 2019, så kan vi gå til innkjøp av teiner samt søkje om dispensasjon for standardisert referansefiske allereie i september 2018. Kommunane bør også skipe til informasjonsmøter om planane. Vi stiller gjerne opp.

Vennleg helsing

*Sigve Hindenes*

Sigve Hindenes  
Fritidsfiskar

*Kjell Nedreaas*

Kjell Nedreaas  
Havforskar, fritidsfiskar